



**Kristine Hestad, fløytespelar som bur på Seimsfoss, gler seg til konserten i Uskedalskyrkja torsdag kveld. Då skal ho spela saman med den nytilsette kantor Eva Gyørgyi Megyesi og øvingstimane dei har hatt så langt har vore svært lovande.**

**- Eva er ei sprudlande dame og det er spennande og kjekt å spela saman med henne, seier Kristine, som har spela tverrfløyte på hobbybasis i 28 av sine 39 år**

- Eva er glad av natur og ein veldig flink musikar, held ho fram.

Kombinasjonen av fløyte og orgel er velklingande og vakker og Kristine har før spela saman med den tidlegare organisten i Kvinnherad - Peter Couzens - som no er pensjonist. Ho er også

med i Husnes Musikklag. Kristine er firebarnsmor og har nok å stelle med! Ho er opprinneleg frå Sotra.

Konserten i Uskedalskyrkja kjem til å vare i 40 minuttar og frå fløytisten sin synsstad vert 2 komposisjonar av Telemann det musikalske høgdepunktet. Dei to muskarane skal spela 6 stykker saman og Eva skal også spela fleire åleine.

Programmet er både krevande og spennande og er ei verdfull tilvekst til det som skjer i kyrkja no på nyåret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen